

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lunde

Emne:

Brynet

Bygdelag: Nardbygda

Oppskr. av

Johannes Sproue

Gard: Sproue (-Boite ois)

(adresse):

Løvenseid (Telemark)

G.nr. 2 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Deils eller eiga røynsle,  
men helst etter medan-  
nemnde

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jørgen Kristensson Lunde, smikkar. f.  $\frac{15}{3}$  1865

## SVAR

1. Det vanlege namnet er brynestein. Namnet „bry-  
net“ er mindre bruka. „Hein“ er ikkjend nemning i  
Lunde, Telemark. (men nytta i dei øvre bygdene)
2. Det brukast nå mest bryne av kunnstein, men  
og av naturstein. Naturlig brynestein er ikkje å  
finna i bygda, utan den som er fødd inn her. Der  
innførte naturlige brynesteine er komne frå  
Eidsborg i øvre vest-Telemark. Ein kjenner  
ikkje til andre som har handla med brynestein  
enn dei vanlege handelsmennene (landhandla-  
rene).
3. Alle reidskap blei fyrst slipa på ein vauley-  
rind slipestein og etterpå kvest med brynestein.  
Dette gjeld her i bygda både høvelsener, barber-  
knivar finare preskjerarknivar osv.
4. Folk her kan ikkje hugse det er blitt fortalt om  
ei tid, då ein ikkje slipa gjæu men bygna  
eggen ut med hamar. Liksom gjæu blei  
og sigd og „skjæri“ slipa fyrst og brynt  
etterpå. („Skjæri“ (ei) er det same som det  
andra kalla „skjæri“ og brukast til å skjera  
korn med og til å „repje“ laiv med). Kra-  
tid skikken med å slipa gjæu - eller  
„gjæ-ar“ som me seier her - kom til bygda,

2

synest det ikkje vera nokon bygdemann nå som  
veit. Nokon skilnad mellom slipeljåar og  
dei eldre tynseljåar kjennast ikkje her,  
med-di desse to nemningane synest vera  
i kjende og i mytla. - Bitjörn (bitjarn) som  
knivar, øksar, ljåar osv. blei laga på den  
måten at dei mellom to uthanna jam-  
bælar la ein ståbelle eller ståplate, kitta  
opp allsaman i smiåvlen og banka det  
ut med hamaren så det blei eit reidskap  
på det laget som var ynskjeleg- eller bruke-  
leg. Soleis blei tynninga gjort for herdinge,  
men reidskapen blei ikkje slipa for han var  
herda. Herda blei bitjarnet ved å bli gjort  
gloande i smiåvlen og etterpå putta i kaldt  
vatn. Terskill amboll (dragolsted) er i kjend  
her. Dei brukta vanleg amboll. Ordet "dragol-  
sted" er i kjend. Amboll kallast jamnast  
her "smiåste(d)". Smiing (og tynning) av  
ljåen blei gjort i smia hjå ein vanleg smed.  
Eltis lya det nemmast at ljåane jamt blei førde  
inn fra andre Fellemarksbygder, der ljåsmiinga  
var konalt lenger enn her. Nest etter-  
spruid var vel "Finnvöl-ljåene" (fra  
Finn i Aist. Fellemark.)

5. Tennessteinen - eller "serna" som dei sejer  
her - er kjend og brukast her, og blei vel  
bruka litt ennå f. d. til kvessing av  
hövelstener, men berre av fagomittarar.  
Noko serleg namn på framgangsme ålen  
med denne slipinga. veiz ein ikkje.

3 II  
3  
Ein tok ikkje slipesteinen med seg i slätte-  
keigen. Om du nokon gong har vore ausleis  
med dette, veit me ikkje her.

6. Kor lenge ein kan bruke ljåen utan å  
slipa han på slipestein, kjem an på  
kor mykje stein eller anna meinkaude  
dei finst i slättekeigen, dinest på kor  
turt og sturt grasit er. Ljåen bit best  
i morgondagg eller regn. Klekk (vinge)  
grass er bestare å slå enn "forstae" (gamea  
grass som har stude for lenge på stivven)  
Ljåen bli gjerne slipa på slipesteinen  
kvar fri-økt: dagurd, middag, noon  
og om kvelden for å vera i orden til  
neste morgon. For slamskine kom bit  
for 50-60 år sidan var slättekarane ute  
i slättekeigen all ved 4-1/2tida om  
morgonen. Ute i slättekeigen bryute dei  
ljåen med ljåstikka som dei gjerne  
hadde smurt over med "slipestein-  
grit" (-grjöt) Skulle so henda at  
ljåen hadde fått ein skar eller blitt  
sers hardt medfaren, laur dei some-  
tiden bruke brynesteinen på han fyre  
ljåstikka. Bryneikka kallar her  
i bygda ljåstikka. Ho laur vera gjort  
av rotten eik om ho var som ho  
skulle. Ho var om lag 5 dm lang med  
skaffet som var rindspikka. Inverkind-  
en på ljåstikka var rektangulær, og  
bae dei breiaste ridene var brynepla-  
ker. På dei smurde dei slipestein-  
grjötet når dei skulle bryna.

8 Langljåen bli teke av arvet når dei

2228

4  
skal blija, men stüttljæn blir seke av. Dette  
kjem ikkje av festegreiene, for dei er sameleis  
for langlja og stüttlja. I eldre tider blei  
ljæn fest til arvel med „viubast“ eller med  
lar-bast. „Viubast“ var ei mjuk vidje som  
på den eine side - den næraste arvel var  
flat-spikken og på den andre sida hadde  
borken på. Vieren var det treslaget ein  
helt spikka „ljabast“ av. Ljabast blei  
runda rundt „kjæge“ (fastel) på ljæn og  
arvel og kila fastare med tre „spitår“.  
I sluden for viubast bruktes seinare  
for det meste lar-bast (lar-reim). Nå  
blir mykje bruka jarubast med skrive-  
og skrivemykkel. Når ein slipar ljæn,  
held ein eggen mot seg.

9. Når ein bryter langljaen - har ei då rett  
fast i arvel, ~~holder ein arvel i borken~~  
og grip med vinstre handa rundt „kjæ-  
ge“ eller over „bakken“ på ljæn. So stryk  
ein med høgre handa ljæstikka skifte-  
vis langssette bœe flarsidene av ljæn  
soleis at stroka går nedover mot eggen  
og ikkje oppover eller tvers mot denne.  
Stüttljæn held ein mellom knæa nær  
ein brynet, ardi arvel er så stütt  
berre 7-8 dm lang.

10. Nokon korn til å bera ljæstikka i brøn-  
karer om lag ingenstad her. Første (vinstre)  
handtak på langarvel er fæmt  
skov ein eit spar - som høver til  
det runde handtak på ljæstikka.  
Såleis kan sluttetaren hadde i ljæstikka  
medan, han slær. Hanngel på ein

hock eller korn til a bera gjästikke og sliper-  
steingrüt i (og brynestein) er. skvatabölk.

Derne nemninga er kanskje komen frå dei  
övre Fjellmarksbygdene, for kornen (eller hocken)  
er ikkje i bruk her. Sit å ha brynegrjötet i  
nyttast blikkboksas og hva eller som kan  
höra.

11. Å bera brynet i eit obse- eller kühorn brukar  
dei ikkje her. Men some kan finne på å

12. selja ein krok (gjört av ein spikas eller slikk)  
fast i gjästikka, så dei kan få hekla ho  
fast i ein bukseknapp bak eller i eit belte.

13. Både bryne av nativstein og kinnostein  
blir vatt ("fikklet") for bruken, med vatn  
- og sometider med olje - på steinbrynet, utan  
nokoslag på trebryne (gjästikka). Blir gjäen  
etterkvart meir skjend og ein vil vente  
med slipinga til fri-ötta, smär ein  
slipessteingrüt eller fin sand på  
gjästikka. Gjäre brukast ikkje her nær  
ein kvasser gjäre.


14. Mjölet eller zyrra som kjem fram ved  
slipinga og som samalar seg i kupa (vann  
beholderen) under slipetteinen, kallast  
slipessteingrüt.

15. Medisinsk bruk (t.d. mot ringorm eller mot

16. hald eller stung) av brynesvarta er  
ikjend her.

17. Det er heller ikkje kjend at brynesteinen  
blir bette ved å ligge i maistivt eller jord  
(det måtte ein ast vera i mygjen eller det some seffer)  
Derimot meinerst det at ein har viss rojule  
for at brynesteinen blir best når ein har  
hira han ei stund i eld. Og dette bruk  
kansk ermo (t.d. i Landsmarka, sydvest.

luten av Lunde herad). Her finst ennå ikkje så  
 like Eidsborg-stein, att frå eldre tid. Finna  
 bokstaveleg meint. For Bandak-Nordsjø-kanalen  
 tid låg kjørevegen Ulefoss-Strengen så nær  
 Nome-vatnet, at han etter kanaliseringa  
 blei liggjande under vatn. Ved nedkapping  
 (t.d. under vøling av dammar og sluser)  
 bli fjera der den gamle vegen låg - liggjande  
 stein. Og her finna ennå brygestein etter  
 fraktinga frå Eidsborg i gamle dagar.



Brygestikka skulle helst stå stukken ned i ei  
 myr om vinteren. Skipessteinen bli betre  
 (om han er for hard) når ein ei tid legg  
 han i hestemök.

18. Finnen i bakken er stiv og hard  
 i solskin og nordavind  
 da ein kan.

Han hoppas på stubben og vil  
 ha alle kvast.

Han du skjje bryne  
 så skende du fast.

18. Dette verset er ikkje fri künde.

Eg künde det berre på Overland  
da eg var gjæring, sejer

Tor Olsson Tjornas (Tor Tjornas

er født på Overlandsheia i Seljord 1825

og kom hit til künde i 1898-1899)

„De kann'kje bryne; se Kristian  
Asterdal (i Seljord, levde for omky 20 år  
siden) De min' svolkebryne”

(stryke lange drag etter ljæen.

Gnuleik Overland (f. i Bø 1896 bodd i  
künde siden ca 1930) fortel denne

regla: Svein Haugetand brynte  
slik at brynesteinen «pladra»

til ljæen: „Asjær (Asgerd) og Svein,

Asjær og Svein! «at brynesteinen

Asjær og Svein, Asjær og Svein!  
svara ljæen.

Regla gjev ein bokke av  
kypuren i bryninga.

2228  
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

